

**Fra:** Turid Verdal <turid@abo-ark.no>  
**Sendt:** fredag 24. juni 2022 07:41  
**Til:** Strand kommune  
**Kopi:** Geir Magne Knutsen; Andreas Moe Larsen; Sarah Fagertun Eggereide  
**Emne:** Arealinnspill til kommuneplanens arealdel  
**Vedlegg:** Hidlekjerringa vedlegg.pdf; Tabell innspel Hidlekjerringa.pdf; Hidlekjerringa kart.pdf; Kalhag Sør vedlegg.pdf; Tabell innspel Kalhag Sør.pdf; Kalhag Sør kart.pdf; Torgergrunnen kart.pdf; Torgergrunnen vedlegg.pdf; Tabell innspel Torgergrunnen.pdf

Hei!

Vedlagt er tre arealinnspel til kommuneplanens arealdel.

- Hidlekjerringa
- Kalhag Sør
- Torgergrunnen

Innspela er utforma på vegne av Bremnes Seashore.

Ta kontakt om noko er uklart, eller de har behov for meir informasjon.

Ber om ei stadfesting på at innspela er mottatt.

Vennleg helsing  
**Turid Verdal**  
905 22 958



Torgbakken 9  
Pb. 32, 5401 Stord  
[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)



## Innspel til kommuneplanen sin arealdel – Strand kommune


### Akvakulturlokaliteten Hidlekjerringa

#### 1 Hidlekjerringa

Området ligg i Hidlefjorden, på grensa til Stavanger kommune; nordaust for øya Hidle i Strand kommune, og søraust for øya Brimse i Stavanger kommune. Det ligg eit anlegg allereie innanfor lokaliteten; [33797 Hidlekjerringa](#). Dette er ein kommersiell matfisklokalitet for laks og regnbogeare, med ein kapasitet på 3600 tonn. Bremnes Seashore AS er innehavar av lokaliteten.

Forslag til avgrensing av arealet er vist i Figur 1, og er vedlagt dette dokumentet. Akvakulturføremålet inkluderer anlegg på sjøflata og fortøyingar. Det er ønskjeleg med eit relativt stort areal, for å skape fleksibilitet og høve for tilpassingar og justeringar i den vidare prosessen. Dette er viktig for å unngå arealkonfliktar, men òg for å finne optimal lokalisering.

I gjeldande kommuneplan er innspelsområdet avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag. Tilgrensande areal i vest er regulert til riggområde, og tilgrensande areal i aust er regulert til fiske - trålefelt.



Figur 1. Illustrasjon innspelsområdet Hidlekjerringa, med utsnitt av gjeldande kommuneplankart.


## 2 Naturmangfold

Det er registrert ærfugl (VU) og storskarv (NT) innanfor innspelet. Innspelet overlappar dels med naturtypen større taeskokgforekomster, med verdi viktig. Naturtypen er skildra som ein middels stor taeskokgførekost i eit bølgebeskytta område, som har potensiale for førekost av sukkertare. Verdien (Viktig) er grunngeven med at dette er ein middels stor taeskokgførekost gitt at han ligg i eit beskytta område. Den same naturtypen, med same skildring og verdivurdering er registrert ved øya Brimse, nordvest for innspelet.

Det er registrert eit gyteområde (Hidlefjorden) for torsk, sild og brisling eit stykke vest for innspelet (om lag 1,6 km), og eit gytefelt for torsk (Moldfalla) med C-verdi (lokalt viktig) eit stykke (om lag 3 km ) nordaust for innspelet, og eit gytefelt for torsk (Åmøyfjorden) eit stykke sørvest for innspelet (2,7 km).

Kjeøy naturreservat ligg om lag 3,3 km sørvest for eksisterande anlegg, ved Hidleklejøy. Føremålet med fredinga er å bevare ein viktig sjøfugllokalitet, med dei plantesamfunn og dyreartar som naturleg er knytt til området, særleg ut frå omsynet til sjøfuglane og deira hekkeplassar. Naturreservatet har den største kolonien med hekkande sildemåke i Ryfylket. I tillegg til sildemåke hekkar det gråmåke, fiskemåke, svartbak, ærfugl og av og til ternar i området.

Det næraste registrerte anadrome vassdraget i lakseregisteret er Jørpelandselva (om lag 13 km i luftlinje frå utløpspunkt til innspelet). Jørpelandselva er registrert med ein moderat bestandstilstand for laks, og ein god bestandstilstand for sjøaure. Det næraste nasjonale laksevassdraget er Figgjo, som ligg om lag 33 km frå innspelet i luftlinje. Den næraste nasjonale laksefjorden er Kysten Jæren – Dalane. Denne ligg om lag 15 km frå eksisterande anlegg i luftlinje.




Figur 2 Innspelet og registrerte marine naturtypar i området.

### 3 Fiskeri og ferdsel på sjø

Innspelet grensar til rekefeltet Fognafjorden Sør, sjå

Figur 3. Dette er registrert som eit felt som berre er brukt av yrkesfiskarar, også frå andre kommunar. Det er ingen låssettingsplassar, eller andre registrerte fiskeområde i nærleiken av innspelet.




Figur 3. Innspelet og fiskeriinteresser i området. Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Innspelet grensar til eit område registrert som riggområde i kommuneplanen, sjå Figur 1. Dette området er registrert som eit ankringsområde i Kystverket sitt kartverktøy; Nord om Hille.


Bileia Revingen – Nedstrandsfjorden passerer innspelet på austsida, og overlappar så vidt med innspelet. Bileia Mastrafjorden passerer innspelet på nordsida. Begge desse bileiene overlappar noko med innspelet, men dei ligg ikkje i konflikt med sjølve anlegget. Anlegget i sjøoverflata vil ligge lengre vekk frå leia, og fortøyningane så djupt at ferdsel ikkje vert hindra.

Deler av innspelet ligg i kvit sektor frå Åmøy lykt og frå Marshovet lykt, sjå

Figur 5. Sjølve anlegget



Figur 4 Innspelet og registrerte farleier i området.



Figur 5 Innspelet og kvit sektor frå Åmøy og Marshovet lykt.

### 4 Friluftsliv

Det er ingen registrerte friluftsområde innanfor innspelet. Det er fleire registrerte friluftsområde kring øya Brimse, som ligg nord for innspelet, sjå Figur 6. Østhusvik kystområde ligg i sjøområda kring heile Brimse, og er registrert som eit svært viktig friluftslivområde rundt Brimse og ved Østhusvik som vert brukt til kajakkpadling. Området Brimse er òg registrert som eit svært viktig friluftslivområde. Området er skildra som ein merka sti som går rundt heile Brimse. Turen følgjer kystlinja, og er ein blanding av landbruksområde og


svaberg. Det er ein fin badeplass mellom Brimse og Trollholmen (i vest). Turen gir god utsikt. Lokalbefolkninga nyttar truleg sjøområdet til båtutfart, fritidsfiske og rekreasjon.

## 5 Landskap og kulturminne

Landskapet innanfor innspelsområde ligg innanfor kategorien *Marine dallandskap*, og grensar til kategorien *middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap* i vest (Kjelde; Artsdatabanken, Naturtyper i Norge, landskap).

Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelsområdet, eller i nærleiken av innspelet. Dei næraste registrerte kulturminna ligg på øyene Brimse i Stavanger kommune og Hidle i Strand kommune.

Den næraste busetnaden er på øyene Brimse i Stavanger kommune og Hidle i Strand kommune (i overkant av 1 km avstand frå akvakulturføremålet).



Figur 6. Friluftsliv og kulturminne.




## 6 Nærmiljø

Det er fleire kjelder som skaper lyd frå akvakulturanlegg, som t.d. aggregat, fôringsanlegg med blåsepumper, båttrafikk, samt ulike arbeidsoperasjonar med lastning/lossing/behandingar med meir.




## 7 Naturfare

Området ligg ikkje innanfor registrerte aktsemdområde for skred eller flaum. Arealet ligg relativt ope i Hidlefjorden og er såleis truleg noko eksponert for vind og bølger. Innspelet omfattar eksisterande godkjent lokalitet. Tilhøve knytt til sjøsikkerheit og skipstrafikk i området er ivaretatt gjennom søknadsprosessen etter akvakulturlova.

Tilhøve knytt til utslepp av organisk materiale og/eller forureining til sjø vert handsama gjennom eige regelverk. Dette er ein del av løyvet som anlegget har fått gjennom akvakulturlova.



## Innspel Strand kommune Hidlekjerringa

-  Akvakulturføremål
-  Anlegg (justert plassering)
-  Fortøyingszone


1:15 000  
Målestokk, A4



## INNSPILL TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL – STRAND KOMMUNE 2023 - 2035

FYLL UT FØLGENDE SKJEMA OG LEGG VED KART SOM VISER INNSPILLET AVGRENSNING

Forslagsstiller:	Bremnes Seashore AS
Er grunneier kjent med forslaget?	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal.
Dagens arealformål:	Bruk og vern av sjø og vassdrag
Foreslått arealformål:	Akvakultur
Eiendom (Gnr./Bnr.):	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Arealstørrelse:	Ca. 1.300 daa
Bebyggelsestype: (Eks. eneboliger)	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Utnyttelsesgrad: (Eks. BYA, BRA, antall enheter)	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Byggehøyde:	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Beskrivelse av forslaget:	<p>Bremnes Seashore er ein av Noregs leiande leverandørar av oppdrettslaks. Dei har etablert dei kjende merkevarene SALMA og Bømlø, og produserer 500 000 måltid kvar dag. Produksjonen skjer ved 23 oppdrettsanlegg og tre settefiskanlegg i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Hovudkontoret ligg i Øklandsvågen i Bømlø kommune. Med rundt 550 tilsette og omsetning på 5,3 mrd. kroner er Seashore-konsernet ein viktig arbeidsgjevar og aktiv støttespelar i lokalsamfunna der dei har drift. Dei legg vekt på berekraftig utvikling av næringa, og deltek i mange forskings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med leverandørar, teknologiutviklarar og forskingsmiljø.</p> <p>Bremnes Seashore ønskjer å utvikle produksjonen gjennom lokalitetar som gir god produksjon og kvalitet, samstundes som at resipientforholda er gode og omgjevnadene vert ivaretekne. Omsynet til naturmangfald, straumtilhøve og sjøvegsferdsle er nokon av dei mest sentrale omsyna, samstundes som lokalitetane må ha nok areal til effektiv drift.</p> <p>På lokaliteten Hidlekjerringa ligg det i dag eit anlegg med godkjent akvakulturløyve; 33797 Hidlekjerringa. Lokaliteten har ein kapasitet på 3600 tonn MTB. Figur under syner dagens lokalisering av anlegget (grøn skravur) i forhold til innspelsområdet. Akvakulturføremålet vil omfatte fortøyinganlegg.</p> <p>Det har vore nødvendig med midlertidig dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for å få godkjent løyve i området. Det er no ønskjeleg å endra føremålet til akvakultur, då dette er ein god lokalitet, og det er ønskjeleg å ha anlegget liggande i området permanent.</p>



### Vurdering av måloppnåelse

	Hvis JA, beskriv nærmere:
Bidrar forslaget til å nå mål i kommuneplanens samfunnsdel?	<p>Kommuneplanen samfunnsdel definerer mellom anna følgjande strategiske mål som innspelet vil bidra til å nå:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Strand har en sunn økonomi som fremmer bærekraftig vekst og en god samfunnsutvikling</li> <li>• Strand er Rogalands mest bosteds- og næringsattraktive kommune</li> </ul> <p>Tilrettelegging for næringsaktivitet i form av akvakultur i kommunen vil fremme bærekraftig vekst, god samfunnsutvikling, og vil bidra til at Strand vert ein næringsattraktiv kommune.</p>
Bidrar forslaget til å nå mål i arealdelens planprogram?	<p>Planprogrammet til arealdelen har mellom anna følgjande delmål for bruk og vern av sjøareal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi skal legge til rette for en bærekraftig matproduksjon i sjøområdene i kommunen som ikke går på bekostning av naturmangfoldet. Samtidig ivaretas også andre interesser på og ved sjøen.</li> </ul> <p>Det er gitt løyve til akvakulturverksemd innanfor arealet. Innspelet gir grunnlag for vidare drift og moglegheit for mindre justeringar.</p>
Er forslaget i samsvar med vedtatt arealstrategi?	<p>Arealstrategiar for næring ser ut til å vera avgrensa og tilpassa til næringsområde på land, og omhandlar i stor grad plassering av ulike typar av næringsområde i kommunen. Innspelet er såleis ikkje i konflikt med vedtatt arealstrategi, men denne er ikkje tilpassa innspel om næringsområde i sjø.</p>

### Vurdering av natur, miljø og samfunnsinteresser:

Tema	Blir følgende interesser berørt av ditt innspill?			Hvis JA, beskriv nærmere:
	JA	NEI	VET IKKE	
Naturverdier/ biologisk mangfold				Sjå eige vedlegg
Områder med spesielle landskapskvaliteter		X		Sjå eige vedlegg



Jord- og skogressurser (F.eks. dyrka mark eller beite)		X		Sjå eige vedlegg
Kulturminner (F.eks. Sefrak-registrerte bygg)		X		Sjå eige vedlegg
Barn og unge (områder som barn benytter til lek, «100-metersskog» snarvei, skolevei)		X		Sjå eige vedlegg
Blir områder som benyttes til friluftsliv berørt? (F.eks. friområder, turstier, grillplasser, badeplasser, offentlige brygger og kaier)		X		Sjå eige vedlegg
Allmenhetens tilgang til strandsonen		X		Sjå eige vedlegg
Bidrar innspillet til økt verdiskaping i næringslivet og økt sysselsetting?	X			Oppdrettsnæringa gir desentraliserte kompetansearbeidsplassar i kystkommunane, og styrkar grunnlaget for fleire lokalsamfunn. Innspelet bidrar til å vidareføre arbeidsplassar og verdiskaping ved å sikre grunnlaget for vidare drift av anlegget på denne lokaliteten.
Er forslaget i konflikt med andre interesser i sjø? (F.eks. fiskeri, ferdsel, friluftsliv)				Sjå eige vedlegg
Folkehelse/ universell utforming/		X		Sjå eige vedlegg

### Infrastruktur

	J A	N E I	V E T I K K E	Hvis JA, beskriv nærmere:
Infrastruktur - Er det behov for oppgradering/etablering av overordnet infrastruktur frem til byggeområdet? (Bilvei, gang/sykkelvei, vann/slokkevann og avløp)		X		
Er det behov for utbedring for trafiksikkerhet? – (F.eks. trygg skolevei)		X		
Hvordan er kollektivtransporttilbudet i området?				Ikkje relevant.

### Vurdering av risiko og sårbarhet

Før områder kan avsettes til nytt utbyggingsformål skal tiltakets konsekvenser for miljø og samfunn vurderes. Iht. plan- og bygningslovens § 28-1 kan grunn bare bebygges, eller eiendom opprettes eller

endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold.

Tema	JA	NEI	VET IKKE	Beskrivelse
Ligger innspillet innenfor aktsomhetssone steinsprang og skred?		X		
Ligger innspillet innenfor aktsomhetssone flom? Eller er området utsatt for flom i elv eller bekk? Er det usikker is i nærheten f.eks. pga. regulert vann?		X		
Strålingsfare – høyspent. Går det høyspent-linje i nærheten?		X		
Er det forurenset grunn på arealet?		X		
Er området utsatt for støy?		X		
Er det kjente ulykkespunkt eller farlige/oversiktlige punkt i veinettet i området?		X		
Foregår det transport av farlig gods gjennom området?		X		
Kan innspillet gi økt risiko for forurensning til luft, grunn eller vann/vannforsyning?				Sjå eige vedlegg

## Innspel til kommuneplanen sin arealdel – Strand kommune


### Akvakulturlokaliteten Kalhag Sør

#### 1 Kalhag Sør

Området ligg i Høgsfjorden, på sørsida av øya Idse i Strand kommune, tett på grensa til Sandnes kommune. På lokaliteten Kalhag, like nordvest for innspelet, ligg det eit anlegg i dag. Denne lokaliteten; [13220 Kalhag](#), er ein kommersiell matfisklokalitet for laks og regnbogeare, med ein kapasitet på 2340 tonn. Bremnes Seashore AS er innehavar av lokaliteten.

Forslag til avgrensing av arealet er vist i Figur 1, og er vedlagt dette dokumentet. Akvakulturformålet inkluderer anlegg på sjøflata, men ikkje fortøyingar. Innspelet er ei flytting av akvakulturformålet i gjeldande kommuneplan. Det er ønskeleg med eit relativt stort areal, for å skape fleksibilitet og høve for tilpassingar og justeringar i den vidare prosessen. Dette er viktig for å unngå arealkonfliktar, men òg for å finne optimal lokalisering. Arealet inkluderer fortøyingar og botnfeste.

I gjeldande kommuneplan er innspelsområdet avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag.




Figur 1. Illustrasjon innspelsområdet Kalhag Sør, med utsnitt av gjeldande kommuneplankart.

## 2 Naturmangfold

Det er fleire artsregistreringar i nærleiken av innspelsområdet; makrellterne (EN), fiskemåke (VU), ærfugl (VU) og gråmåke (VU).

Det er registrert eit funksjonsområde for fiskemåke som er dels overlappende med innspelet (fortøyingssona), Marholmen, sjå Figur 2. Området er skildra som eit yngleområde, og ein relativt stor fiskemåkekoloni hekkar på holmen. I 1993 vart det tald 79 reir, saman med to makrellterne-reir. Lokaliteten har verdi lokal (2). Like nord for denne lokaliteten ligg eit funksjonsområde for storskarv og sjørørre, Idsesundet. Dette området er skildra som eit beiteområde og overvintringsområde for ulike andefugl, der det kan vera opptil 2-300 fugl samstundes. Spesielt vanleg er siland, men òg sjørørre og kvinand opptre regelmessig i bra antal. I tillegg førekjem storskarv og gråhegre jamleg. Lokalitetane er ein av dei få faste plassane for overvintrande smålom og gråstrupe dykkar i kommunen. Lokaliteten har verdi lokal (2).

Naturtypen sterke tidevannsstrømmer er registrert i Idsesundet, nordaust for innspelet. Naturtypen er kategorisert som svært viktig, og er skildra som eit grunt område med sterk tidevasstraum, med høg artsdiversitet. Det er registrert mykje salper og invertebrater i straumen. Området er eit viktig funksjonsområde for andefugl, spesielt om vinteren. Det er den einaste lokaliteten av denne naturtypen i kommunen, og den er difor spesielt viktig. Avstanden til innspelet er i underkant av 800 meter på det minste til akvakulturføremålet (fortøyingssona er nærare)..



Figur 2 Innspelet og registrerte marine naturtypar og førekomst av artar og funksjonsområde.

Naturtypen ålegrassamfunn er òg registrert i Idsesundet, med verdi viktig. Enga er vurdert til å ha regional viktig økologisk funksjon, sidan enga har middels tett og høgt ålegras, og ligg nær eit viktig gyteområde for torsk. Like nord og nordvest for ålegrasengane ligg eit område med naturtypen bløtbunnsområder i strandsonen.


Denne er registrert som viktig, og er eit middels stort bløtbunnsområde, i eit område med sterke tidevassstraumar. Avstanden til akvakulturføremålet er like i overkant av 800 meter (fortøyingssona er nærare).

Det er registrert eit gytefelt for torsk (Botnsfjorden) i Idsefjorden, nord for innspelet. Feltet er registrert som lokalt viktig (C-verdi). Avstanden frå gytefeltet til akvakulturføremålet er om lag 1,2 km.

Dei næraste registrerte anadrome vassdraga i lakseregisteret er Jørpelandselva (om lag 6,5 km i luftlinje frå utløpspunkt til innspelsområdet) og Imselva i Sandnes kommune (om lag 7 km avstand i luftlinje). Jørpelandselva er registrert med ein moderat bestandstilstand for laks, og ein god bestandstilstand for sjøaure. Det næraste nasjonale laksevassdraget er Figgjo, som ligg om lag 29 km frå innspelsområdet i luftlinje.


### 3 Fiskeri og ferdsel på sjø

Innspelet overlappar med registrerte fiskeområde for aktive og passive reiskap, sjå Figur 3 og Figur 4. Feltet for aktive reiskap er eit rekestrålfelt, Høgsfjorden, som vert nytta heile året av yrkesfiskarar, også frå andre kommunar. Feltet for passive reiskap, Høgsfjorden Ytre, er registrert som eit felt nytta til garnfiske etter pigghå. Det er ingen registrerte låssettingsplassar som ligg i nærleiken av innspelet.



Figur 3. Innspelet og fiskeplassar for aktive reiskap i området. Figur 4 Innspelet og registrerte fiskefelt for passive reiskap i området. Kjelde; Fiskeridirektoratet


Bileia Høgsfjorden passerer innspelet på sørsida, sjå Figur 5. Deler av innspelet ligg i kvit sektor frå Tingholmen lykt og Aspøy lykt, sjå Figur 5. Kystverket vil verta kontakta med omsyn til eventuelt behov for tilpassingar i samband med søknad om løyve etter akvakulturlova.



Figur 5 Innspelet, bilei Høgsfjorden, og Tingholmen lykt. Området vist med grønt er farleisareal.

#### 4 Friluftsliv

Det er ingen registrerte friluftsområde innanfor innspelet. Areal kring Regsneset og Regavika aust for innspelet er registrert som statleg sikra friluftsområde. Avstanden frå innspelet til dette området er i overkant av 600 meter. Området er ikkje verdsett, men er registrert med høg brukarfrekvens, og nasjonale brukargrupper. Området er skildra som strandområde på austre del av Idsal. Fin svabergkyst med små parti med sand- og grusstrand. Skogkledt bakland (for det meste furu) og lyngvegetasjon. Bukter og viker gir mange gode naturhamner.



Figur 6. Innspelet med statleg sikra friluftsområde (blå skravor) kring Regneset og Regavika.

## **5 Landskap og kulturminne**

Landskapet innanfor innspelsområde ligg innanfor kategorien *Relativt åpent fjordlandskap med bebygde område* (Kjelde; Artsdatabanken, Naturtyper i Norge, landskap).

Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelsområdet, eller i nærleiken av innspelet.

Det ligg eit felt med fritidsbustader på Tangen, nordaust for innspelet, elles er det relativt lang avstand frå innspelet til nærliggjande busetnad.


## **6 Nærmiljø**

Det er fleire kjelder som skaper lyd frå akvakulturanlegg, som t.d. aggregat, fôringsanlegg med blåsepumper, båttrafikk, samt ulike arbeidsoperasjonar med lasting/lossing/behandingar med meir.




## **7 Naturfare**

Området ligg ikkje innanfor registrerte aktsemdområde for skred eller flaum. Arealet ligg noko skjerma inne i Høgfjorden og er såleis truleg ikkje særleg eksponert for vind og bølger.

Tilhøve knytt til utslepp av organisk materiale og/eller forureining til sjø vert handsama gjennom eige regelverk. Dette er ein del av løyvet som anlegget har fått gjennom akvakulturlova.



**Innspel Strand kommune  
Kalhag Sør**

-  Akvakulturformål
-  Anlegg (alt. plassering)
-  Fortøyingszone

1:15 000  
Målestokk, A4






## INNSPILL TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL – STRAND KOMMUNE 2023 - 2035

### FYLL UT FØLGENDE SKJEMA OG LEGG VED KART SOM VISER INNSPILLET AVGRENSNING

Forslagsstiller:	Bremnes Seashore AS
Er grunneier kjent med forslaget?	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal.
Dagens arealformål:	Bruk og vern av sjø og vassdrag
Foreslått arealformål:	Akvakultur
Eiendom (Gnr./Bnr.):	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Arealstørrelse:	Ca. 325 daa
Bebyggelsestype: (Eks. eneboliger)	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Utnyttelsesgrad: (Eks. BYA, BRA, antall enheter)	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Byggehøyde:	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Beskrivelse av forslaget:	<p>Bremnes Seashore er ein av Noregs leiande leverandørar av oppdrettslaks. Dei har etablert dei kjende merkevarene SALMA og Bømlø og produserer 500 000 måltid kvar dag. Produksjonen skjer ved 23 oppdrettsanlegg og tre settefiskanlegg i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Hovudkontoret ligg i Øklandsvågen i Bømlø kommune. Med rundt 550 tilsette og omsetning på 5,3 mrd. kroner er Seashore-konsernet ein viktig arbeidsgjevar og aktiv støttespelar i lokalsamfunna der dei har drift. Dei legg vekt på berekraftig utvikling av næringa, og deltek i mange forskings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med leverandørar, teknologiutviklarar og forskingsmiljø.</p> <p>Bremnes Seashore ønskjer å utvikle produksjonen gjennom lokalitetar som gir god produksjon og kvalitet, samstundes som at resipientforholda er gode og omgjevnadene blir teke vare på. Omsynet til naturmangfaldet, straumtilhøve og sjøvegs ferdsle er nokon av dei mest sentrale omsyna, samstundes som lokalitetane må ha nok areal til effektiv drift.</p> <p>Bremnes Seashore har i dag anlegg på lokaliteten 13220 Kalhag; som ligg like nordvest for det omsøkte AK-området. Denne lokaliteten har vore i drift sidan 1999 og har ein kapasitet på 2340 tonn MTB. Straumtilhøva på eksisterande lokalitet 13220 Kalhag er ikkje optimale, då anlegget dels ligg plassert i ei «bakevje» på grunn av eit skjer som ligg like aust for eksisterande anlegg. Det er såleis ønskjeleg å flytta anlegget til omsøkt akvakulturområde. Dette området ligg meir gunstig plassert, mellom anna med omsyn til straumtilhøve, og ei flytting av anlegget vil medføre betre driftstilhøve på anlegget. Akvakulturføremålet har tilnærma lik storleik som akvakulturføremålet knytt til eksisterande lokalitet (makebyte av areal).</p> <p>Dersom omsøkt akvakulturområde Kalhag Sør vert lagt inn i kommuneplanen, og anlegget vert flytta til dette området, kan akvakulturområdet Kalhag takast ut av kommuneplanen.</p>



### Vurdering av måloppnåelse

	Hvis JA, beskriv nærmere:
Bidrar forslaget til å nå mål i kommuneplanens samfunnsdel?	<p>Kommuneplanen samfunnsdel definerer mellom anna følgjande strategiske mål som innspelet vil bidra til å nå:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Strand har en sunn økonomi som fremmer bærekraftig vekst og en god samfunnsutvikling</li> <li>• Strand er Rogalands mest bosteds- og næringsattraktive kommune</li> </ul> <p>Tilrettelegging for næringsaktivitet i form av akvakultur i kommunen vil fremme bærekraftig vekst, god samfunnsutvikling, og vil bidra til at Strand vert ein næringsattraktiv kommune. Ei flytting av AK-området og anlegget til ei meir gunstig plassering med omsyn til fysiske tilhøve vil bidra til ei betre drift av anlegget.</p>
Bidrar forslaget til å nå mål i arealdelens planprogram?	<p>Planprogrammet til arealdelen har mellom anna følgjande delmål for bruk og vern av sjøareal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi skal legge til rette for en bærekraftig matproduksjon i sjøområdene i kommunen som ikke går på bekostning av naturmangfoldet. Samtidig ivaretas også andre interesser på og ved sjøen.</li> </ul> <p>Innspelet bidrar til å nå dette målet i planprogrammet. Ei flytting av anlegget er vurdert å medføre betre driftstilhøve på anlegget. Det er få registrerte verdiar/interesser innanfor det nye arealet.</p>
Er forslaget i samsvar med vedtatt arealstrategi?	<p>Arealstrategiar for næring ser ut til å vera avgrensa og tilpassa til næringsområde på land, og omhandlar i stor grad plassering av ulike typar av næringsområde i kommunen. Innspelet er såleis ikkje i konflikt med vedtatt arealstrategi, men denne er ikkje tilpassa innspel om næringsområde i sjø.</p>

### Vurdering av natur, miljø og samfunnsinteresser:

Tema	Bli følgjende interesser berørt av ditt innspill?	Hvis JA, beskriv nærmere:
------	---	---------------------------

	JA	NEI	VET IKKE	
Naturverdier/ biologisk mangfold				Sjå eige vedlegg
Områder med spesielle landskapskvaliteter		X		Sjå eige vedlegg
Jord- og skogressurser (F.eks. dyrka mark eller beite)		X		Sjå eige vedlegg
Kulturminner (F.eks. Sefrak- registrerte bygg)		X		Sjå eige vedlegg
Barn og unge (områder som barn benytter til lek, «100-metersskog» snarvei, skolevei)		X		Sjå eige vedlegg
Bli områder som benyttes til friluftsliv berørt? (F.eks. friområder, turstier, grillplasser, badeplasser, offentlige brygger og kaier)		X		Sjå eige vedlegg
Allmenhetens tilgang til strandsonen		X		Sjå eige vedlegg
Bidrar innspillet til økt verdiskaping i næringslivet og økt sysseting?	X			Oppdrettsnæringa gir desentraliserte kompetansearbeidsplassar i kystkommunane, og styrkar grunnlaget for fleire lokalsamfunn. Innspelet bidrar til å vidareføre arbeidsplassar og verdiskaping ved å sikre grunnlaget for vidare drift av anlegget.
Er forslaget i konflikt med andre interesser i sjø? (F.eks. fiskeri, ferdsel, friluftsliv)	X			Registrerte fiskeområde, sjå eige vedlegg
Folkehelse/ universell utforming/		X		Sjå eige vedlegg

## Infrastruktur

	JA	NEI	VET IKKE	Hvis JA, beskriv nærmere:
Infrastruktur - Er det behov for oppgradering/etablering av overordnet infrastruktur frem til byggeområdet? (Bilvei, gang/sykkelvei, vann/slokkevann og avløp)		X		
Er det behov for utbedring for trafiksikkerhet? – (F.eks. trygg skolevei)		X		

Hvordan er kollektivtransporttilbudet i området?				Ikkje relevant.
--	--	--	--	-----------------

### Vurdering av risiko og sårbarhet

Før områder kan avsettes til nytt utbyggingsformål skal tiltakets konsekvenser for miljø og samfunn vurderes. Iht. plan- og bygningslovens § 28-1 kan grunn bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold.

Tema	JA	NEI	VET IKKE	Beskrivelse
Ligger innspillet innenfor aktsomhetszone steinsprang og skred?		X		
Ligger innspillet innenfor aktsomhetszone flom? Eller er området utsatt for flom i elv eller bekk? Er det usikker is i nærheten f.eks. pga. regulert vann?		X		
Strålingsfare – høyspent. Går det høyspent-linje i nærheten?		X		
Er det forurenset grunn på arealet?		X		
Er området utsatt for støy?		X		
Er det kjente ulykkespunkt eller farlige/oversiktlige punkt i veinettet i området?		X		
Foregår det transport av farlig gods gjennom området?		X		
Kan innspillet gi økt risiko for forurensning til luft, grunn eller vann/vannforsyning?				Sjå eige vedlegg

## Innspel til kommuneplanen sin arealdel – Strand kommune


### Akvakulturlokaliteten Torgergrunnen

#### 1 Torgergrunnen

Området ligg i Idsefjorden, mellom fastlandet og øyane Heng og Idse. Det ligg to akvakulturområde nordvest for innspelet, tettare på øya Heng, men det er ikkje etablert akvakulturanlegg i desse områda. Dei næraste godkjente akvakulturlokalitetane ligg sør for innspelet, i Høgsfjorden. Her ligg lokalitetane [Store Teistholmen](#), [Kalhag](#) og [Indre Slettavikneset](#).

Forslag til avgrensing av arealet er vist i Figur 1, og er vedlagt dette dokumentet. Akvakulturføremålet inkluderer anlegg på sjøflata, men ikkje fortøyingar. Det er ønskjeleg med eit relativt stort areal, for å skape fleksibilitet og høve for tilpassingar og justeringar i den vidare prosessen. Dette er viktig for å unngå arealkonfliktar, men òg for å finne optimal lokalisering.

I gjeldande kommuneplan er innspelesområdet avsett til Riggområde, og grensar til kombinert føremål ferdsel/fiske i aust.



Figur 1. Illustrasjon innspelesområdet Torgergrunnen, med utsnitt av gjeldande kommuneplankart.


## 2 Naturmangfald

Innspelet ligg innanfor eit gyteområde for torsk, Botnsfjorden. Dette er registrert som eit lokalt viktig gytefelt, med låg eggttelleik og middels retensjon. Det næraste registrerte anadrome vassdraget i lakseregisteret er Jørpelandselva (om lag 6 km i luftlinje frå utløpspunkt til innspelsområdet). Jørpelandselva er registrert med moderat bestandstilstand for laks, og god bestandstilstand for sjøaure. Det næraste nasjonale laksevassdraget er Figgjo, som ligg om lag 30 km frå innspelsområdet i luftlinje.


Aust for innspelet er fugleartane makrellterne (EN), storspove (EN), vipe (CR), lomvi (CR) og hettemåke (CR) registrert. Like vest for innspelet, rundt Grasholmen, er artane tjeld (NT), ærfugl (VU), fiskemåke (VU), makrellterne (EN), storskarv (NT), gråmåke (VU) og svartbak registrert. Arealet kring Grasholmen er også registrert som eit viktig område for svartbak, sjøorre og havelle. Lokaliteten Lyngholmen – Grasholmen er skildra slik i naturbase: *Området mellom Lyngholme og Grasholmen er et viktig overvintringsområde for enkelte ender og vannfugler. Spesielt kan det treffes mye ærfugl, sjøorre, svartand og siland. I tillegg er kvinand, havelle og storskarv vanlige. År om annet treffes også endel alkefugl. Både gråstrupedykker, fjæreplytt og steinvender påtreffes jevnlig i området. Verdi: Lokal (2).*

Grasholmen og Knibringen naturreservat ligg i det same område, like vest for innspelet, sjå kart i Figur 2. Naturreservatet er ein del av verneplan for sjøfugl, og det er registrert som ein viktig sjøfugllokalitet. Nærmaste avstanden frå naturreservatet til innspelet er om lag 1000 meter. Naturreservatet er skildra slik i naturbase: *Hekkeplass for makrellterne, raudnebbterne og fiskemåke. Tidlegare hekka det omkring 200 par fiskemåke, samt av og til ein koloni med 10-20 terner. Frå 1885 sank talet med desse artane, og nå (2005) finn ein berre 5-10 par fiskemåke, 3 par sildemåke og om lag 10 par med svartbak. Dei fleste hekkefuglane finn ein på Grasholmen. Sjøområdet mellom Heng og Idse er eit viktig overvintringsområde for sjøfugl. Området brukast av ærfugl heile året.*

I området kring Grasholmen, Knibringen, Kobbsteinane, Herda, Larsholmen, Langholmen, Krogholmen og Lyngholmen er den marine naturtypen større tareskogførekomst registrert. Registreringane som ligg tettast på innspelet har verdi Svært viktig. Grunngevinga for verdivurderinga er at stortareførekomsten overlappar med gyteområdet for torsk. Naturtypen er skildra som ein stor tareskogførekomst i eit bølgebeskytta område, med stortareskog blanda med andre artar.



Figur 2 Innspelet og dei registrerte områda for sjøfugl, Grasholmen og Knibringen naturreservat, samt registreringane av marine naturtyper i området kring Grasholmen.




Figur 3. Innspelet og registrerte marine naturtyper i område

### 3 Fiskeri og ferdsel på sjø


Innspelet overlappar med rekefeltet Idsefjorden, sjå

Figur 4. Dette er registrert som eit felt som berre er brukt av yrkesfiskarar, også frå andre kommunar. Det er ingen låsettingsplassar, eller andre registrerte fiskeområde i nærleiken av innspelet.



Figur 4. Innspelet og fiskeriinteresser i området. Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Innspelet ligg innanfor eit registrert riggområde; Idsefjorden. Dette er òg lagt inn i kommuneplanen til Strand kommune, sjå Figur 1. Bileia Marshoved – Idsefjorden og bileia Høgsfjorden – Jørpeland passerer innspelet på sørsida og nordaustsida, sjå Figur 5. Anlegget i sjøoverflata vil ligge lengre vekk frå hovudleia, og fortøyingane så djupt at ferdsel ikkje vert hindra. Deler av innspelet ligg i kvit sektor frå Knibringen fyr. Dette gjeld den sørlegaste delen av innspelet. Sjølve anlegget er ikkje planlagt plassert i det overlappende området. Kystverket vil verta kontakta med omsyn til eventuelt behov for tilpassingar i samband med søknad om løyve etter akvakulturlova.



Figur 5 Innspelet, farlei (vist med lysblå, stipla linjer), farleisareal og Knibringen fyr.



## 4 Friluftsliv

Det er ingen registrerte friluftsområde i nærleiken av innspelsområdet. Lokalbefolkninga nyttar truleg sjøområdet til båtutfart, fritidsfiske og rekreasjon.

## 5 Landskap og kulturminne

Landskapet innanfor innspelsområde ligg innanfor kategorien *Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder*, og grensar til katgorien *middels eksponert ytre, slakt småkupert kystslettelandskap* i vest (Kjelde; Artsdatabanken, Naturtyper i Norge, landskap).

På nordsida av Idsefjorden, ca. 1,7 km nordaust for innspelet, ligg Nag, som er eit registrert kulturlandskap. Området er skildra slik: *På nordiden av Idsefjorden, på nedsiden av rv. 13; flere tun med denger adskilt av steingarder ned mot sjøen i øst, eikeskog og eng i sør. Beite/utmark og granskog i vest, flatt terreng med noen oppstikkende hauger*

Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminne innanfor innspelsområdet. Dei næraste registrerte kulturminna og SEFRAK-registrerte bygga ligg på Nag i nordaust, og på øya Heng i nordvest.

Det er over 1 km til næraste busetnad.


## 6 Nærmiljø

Det er fleire kjelder som skaper lyd frå akvakulturanlegg, som t.d. aggregat, fôringsanlegg med blåsepumper, båttrafikk, samt ulike arbeidsoperasjonar med lasting/lossing/ behandlingar med meir.




## 7 Naturfare

Området ligg ikkje innanfor registrerte aktsemdområde for skred eller flaum. Arealet ligg relativt ope i Idsefjorden og er såleis truleg noko eksponert for vind og bølger.

Tilhøve knytt til utslepp av organisk materiale og/eller forureining til sjø vert handsama gjennom eige regelverk, i samband med søknad om løyve gjennom akvakulturlova.



**Innspel Strand kommune  
Torgergrunnen**

-  Akvakulturføremål
-  Anlegg (alt. plassering)
-  Fortøyingszone


1:15 000  
Målestokk, A4



## INNSPILL TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL – STRAND KOMMUNE 2023 - 2035

### FYLL UT FØLGENDE SKJEMA OG LEGG VED KART SOM VISER INNSPILLET AVGRENSNING

Forslagsstiller:	Bremnes Seashore AS
Er grunneier kjent med forslaget?	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal.
Dagens arealformål:	Bruk og vern av sjø og vassdrag
Foreslått arealformål:	Akvakultur
Eiendom (Gnr./Bnr.):	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Arealstørrelse:	Ca. 460 daa
Bebyggelsestype: (Eks. eneboliger)	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Utnyttelsesgrad: (Eks. BYA, BRA, antall enheter)	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Byggehøyde:	Ikkje relevant, då innspelet gjeld sjøareal
Beskrivelse av forslaget:	<p>Bremnes Seashore er ein av Noregs leiande leverandørar av oppdrettslaks. Dei har etablert dei kjende merkevarene SALMA og Bømlø og produserer 500 000 måltid kvar dag. Produksjonen skjer ved 23 oppdrettsanlegg og tre settefiskanlegg i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Hovudkontoret ligg i Øklandsvågen i Bømlø kommune. Med rundt 550 tilsette og omsetning på 5,3 mrd. kroner er Seashore-konsernet ein viktig arbeidsgjevar og aktiv støttespelar i lokalsamfunna der dei har drift. Dei legg vekt på berekraftig utvikling av næringa, og deltek i mange forskings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med leverandørar, teknologiutviklarar og forskingsmiljø.</p> <p>Bremnes Seashore ønskjer å utvikle produksjonen gjennom lokalitetar som gir god produksjon og kvalitet, samstundes som at resipientforholda er gode og omgjevnadene blir teke vare på. Omsynet til naturmangfaldet, straumtilhøve og sjøvegs ferdsle er nokon av dei mest sentrale omsyna, samstundes som lokalitetane må ha nok areal til effektiv drift.</p> <p>Bremnes Seashore ønskjer å etablere eit forskings- og undervisningsanlegg (FoU-anlegg) på denne lokaliteten. Føremålet med FoU-tillatelsar er å gi rom for viktige forskingsprosjekt som kan bringe norsk oppdrettsnæring framover. Forskingstillatelsane er tidsavgrensa, og søknadane vert individuelt vurdert ut frå fagleg innhald i prosjektet, relevans, samla kompetanse, biomassebehov og risiko. Fiskeridirektoratet tildeler tillatelsar etter denne ordninga. I forskningstillatelsane vert det utført forskning innanfor ei rekke fagområde, som fiskehelse, utvikling av fôr, avl og genetik, teknologi og drift, samt økologi og velferd. Bremnes Seashore ser for seg eit samarbeid mellom anna med Strand vidaregåande skule for å etablere eit forskings- og undervisningsanlegg på lokaliteten Torgergrunnen.</p> <p>Det ligg to akvakulturområde like vest og nordvest for Torgergrunnen i gjeldande kommuneplan, sjå kartutsnitt under. Desse ligg mindre gunstig plassert, og vert føreslått tatt ut dersom det føreslåtte akvakulturområdet Torgergrunnen vert tatt inn i kommuneplanen. Føreslått areal på Torgergrunnen er mindre som dei to areala i gjeldande plan (ca. 670 daa), og det totale arealbeslaget på sjøoverflata er såleis mindre (ca. 200 daa).</p>



### Vurdering av måloppnåelse

	Hvis JA, beskriv nærmere:
Bidrar forslaget til å nå mål i kommuneplanens samfunnsdel?	<p>Kommuneplanen samfunnsdel definerer mellom anna følgjande strategiske mål som innspelet vil bidra til å nå:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Strand har en sunn økonomi som fremmer bærekraftig vekst og en god samfunnsutvikling</li> <li>• Strand er Rogalands mest bosteds- og næringsattraktive kommune</li> </ul> <p>Tilrettelegging for næringsaktivitet i form av akvakultur i kommunen vil fremme berekraftig vekst, god samfunnsutvikling, og vil bidra til at Strand vert ein næringsattraktiv kommune. Etablering av eit FoU-anlegg på Torgergrunnen i samarbeid med Strand VGS vil òg vera positivt for skulen og vil kunna gje grunnlag for eit betre og breiare undervisningstilbod.</p>
Bidrar forslaget til å nå mål i arealdelens planprogram?	<p>Planprogrammet til arealdelen har mellom anna følgjande delmål for bruk og vern av sjøareal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi skal legge til rette for en bærekraftig matproduksjon i sjøområdene i kommunen som ikke går på bekostning av naturmangfoldet. Samtidig ivaretas også andre interesser på og ved sjøen.</li> </ul> <p>Innspelet bidrar til å nå dette målet i planprogrammet. Eit FoU-anlegg vil ha fokus på å medverke til å løyse nokre av dei utfordringane som oppdrettsnæringa har hatt, til dømes knytt til påverknad på miljø.</p>
Er forslaget i samsvar med vedtatt arealstrategi?	<p>Arealstrategiar for næring ser ut til å vera avgrensa og tilpassa til næringsområde på land, og omhandlar i stor grad plassering av ulike typar av næringsområde i kommunen. Innspelet er såleis ikkje i konflikt med vedtatt arealstrategi, men denne er ikkje tilpassa innspel om næringsområde i sjø.</p>

### Vurdering av natur, miljø og samfunnsinteresser:

Tema	Bliir følgjende interesser berørt av ditt innspill?	Hvis JA, beskriv nærmere:
------	---	---------------------------

	JA	NEI	VET IKKE	
Naturverdier/ biologisk mangfold				Sjå eige vedlegg
Områder med spesielle landskapskvaliteter		X		Sjå eige vedlegg
Jord- og skogressurser (F.eks. dyrka mark eller beite)		X		Sjå eige vedlegg
Kulturminner (F.eks. Sefrak- registrerte bygg)		X		Sjå eige vedlegg
Barn og unge (områder som barn benytter til lek, «100-metersskog» snarvei, skolevei)		X		Sjå eige vedlegg
Bli områder som benyttes til friluftsliv berørt? (F.eks. friorråder, turstier, grillplasser, badeplasser, offentlige brygger og kaier)		X		Sjå eige vedlegg
Allmenhetens tilgang til strandsonen		X		Sjå eige vedlegg
Bidrar innspillet til økt verdiskaping i næringslivet og økt sysselsetting?	X			Oppdrettsnæringa gir desentraliserte kompetansearbeidsplassar i kystkommunane, og styrkar grunnlaget for fleire lokalsamfunn. Innspelet vil kunne medføre etablering av FoU-anlegg i området, og dermed fleire arbeidsplassar og verdiskaping i kommunen.
Er forslaget i konflikt med andre interesser i sjø? (F.eks. fiskeri, ferdsel, friluftsliv)	X			Sjå eige vedlegg
Folkehelse/ universell utforming/		X		Sjå eige vedlegg

### Infrastruktur

	JA	NEI	VET IKKE	Hvis JA, beskriv nærmere:
Infrastruktur - Er det behov for oppgradering/etablering av overordnet infrastruktur frem til byggeområdet? (Bilvei, gang/sykkelvei, vann/slokkevann og avløp)		X		
Er det behov for utbedring for		X		

trafikksikkerhet? – (F.eks. trygg skolevei)				
Hvordan er kollektivtransporttilbudet i området?				Ikkje relevant.

### Vurdering av risiko og sårbarhet

Før områder kan avsettes til nytt utbyggingsformål skal tiltakets konsekvenser for miljø og samfunn vurderes. Iht. plan- og bygningslovens § 28-1 kan grunn bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold.

Tema	JA	NEI	VET IKKE	Beskrivelse
Ligger innspillet innenfor aktsomhetszone steinsprang og skred?		X		
Ligger innspillet innenfor aktsomhetszone flom? Eller er området utsatt for flom i elv eller bekk? Er det usikker is i nærheten f.eks. pga. regulert vann?		X		
Strålingsfare – høyspent. Går det høyspent-linje i nærheten?		X		
Er det forurenset grunn på arealet?		X		
Er området utsatt for støy?		X		
Er det kjente ulykkespunkt eller farlige/oversiktlige punkt i veinettet i området?		X		
Foregår det transport av farlig gods gjennom området?		X		
Kan innspillet gi økt risiko for forurensning til luft, grunn eller vann/vannforsyning?				Sjå eige vedlegg